

A wide-angle photograph of a Norwegian landscape. In the foreground, a small, light-colored wooden cabin with a dark blue, steep-pitched roof sits on a grassy hillside. To the right of the cabin, a rocky shoreline meets a calm, light-blue fjord. Across the water, a town is built on a hillside, with numerous houses and buildings visible against a backdrop of dark, forested mountains. The sky is a clear, pale blue with a few wispy white clouds.

# STEDJE BARNEHAGE

Alltid på veg

ÅRSPLAN 2024- 2025

# Innhald

Årsplan si rolle	s. 3	Mangfald som ressurs	s. 13
Våre tankar om barn	s. 3	Dei yngste i barnehagen	s. 14
Stedje barnehage « Alltid på veg»	s. 4	Dei eldste i barnehagen	s. 15
Avdelingar og tilsette	s. 4	Arbeid på tvers av avdelingane	s. 16
Verdigrunnlaget for barnehagen	s. 5	Progresjon	s. 16
Særleg formål for Stedje barnehage	s. 5	Overgangar	s. 17
Nytt for barnehageåret 22-23	s. 6-7	Samarbeid	s. 18
Barnehagen sin utviklingsplan	s. 8	Planlegging, dokumentasjon og vurdering	s. 19
Barns medverknad	s. 9	Årshjul	s. 20
Danning gjennom omsorg, leik og læring	s. 10		
Fagområda i barnehagen	s. 11		
«I dag har me berre leika»	s. 12		

## VÅRE TANKAR OM BARN:

### KJÆRE DU VAKSNE SOM ER SAMAN MED MEG.

## Årsplan si rolle

Årsplan er ein arbeidsredskap for barnehagepersonalet og dokumentera vala og grunngivingane til barnehagen.

Årsplan skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.

Årsplan skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synliggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal og kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen. RP. s.38



*Eg vil så gjerne vera slik som deg, glad, omsynsfull, rettvis og oppriktig. Hugs at eg pleier å herma etter deg.*

*Bli ikkje sint om eg spring inne. Eg har det så gøy at eg gløymer meg litt.*

*Minn meg gjerne på at eg skal brukta innestemme inne. Eg kan snakka like lågt som deg.*

*Gi meg oppgåver og ansvar som du trur eg kan greie, for det tykkjer eg er gøy.*

*Eg vil gjerne sitja roleg ved bordet, og ta omsyn til dei andre, men me kan vel le saman for det.*

*Lat meg få lov til å sitja og filosofera litt akkurat no då. Hugs at eg ein gang skal klare meg sjølv. Gi meg sjansen til å finne ut av verda utan deg.*

*Eg har behov for å sjå at eg kan påverke verda. Høyr litt på meg då.*

*Sei ifrå til mamma eller pappa viss eg ikkje har med meg det eg skal. Ikkje kjeft på meg, det er ikkje min feil.*

*Ver litt forsiktig med kva du seier til vaksne over hovudet på meg. Eg kan lett verta redd eller forvirra.*

*Eg kan ofte vera vrang eller lei, men hugs at eg også har humoristisk sans.*

*Eg veit godt at eg ikkje får lov til å slå deg eller andre. Sjølvsagt må du stoppe meg viss eg gjer det. (Kanskje eg prøver deg ut litt.)*

***Hugs at eg ikkje er akkurat slik som alle dei andre barna.***

# Stedje barnehage

## «Alltid på veg»

Me er ein 4 avdelings privat barnehage eigd av stiftinga Stedjetunet. Stiftinga Stedjetunet skipa av kyrkjelydane i Sogndal, Kaupanger og Norum eig og driv Stedje barnehage. Barnehagen opna 2. januar 1979 og var den første heildagsbarnehagen i Sogndal. Sidan den gang har me vore gjennom mange endringar og i dag er me ein 4 avdelings barnehage med 60 born i alderne 1- 6 år.

2. Januar 2024 blei Stedje barnehage 45 år.

Barnehagen ligg fint til på stedjesida med utsikt mot Sognefjorden.

Stedje barnehage «alltid på veg» er vår visjon. Me har eit mål om alltid å vera i utvikling på alle felt og me veit at personalet i barnehagen ER barnehagen. Det betyr at me må bygge på dei ressursane me har i personalgruppa og utvikle dei vidare. Det gjer me gjennom å prøve ut ulike måtar å jobbe, satse på, og ha eit mangfold i personalgruppa der me er dyktige på og har interesse for ulike ting. Det handlar om å sjå mogelegheitene og ikkje begrensningane.

Styret i Stiftinga består av Ove Bukholm(Leiar), Aud Marie Stundal, Oddny Solheim og Åse Storegjerde

Styret i barnehagen består av: Ingunn Marie Myren(Leiar), Helge Torstad og Kari Marie Navarsete

FAU: Margrethe Goksøy ( Leiar) Karoline S. Lunde, Susanne Kirkebø, Mathias Salte Mundal, Håvard Dybvik, Janne Bergheim.

Møter: september, januar og april

SU Mathias Salte Mundal og Susanne Kirkebø ( Foreldre), og Eline Øyre hagen og Mette Josvanger(Personalet), Kari Marie Navarsete og Gunnhild Holen (eigarrepresentantar)

Møter: September og april

## Avdelingar og tilsette

### Blå avdeling:

12 barn i alderen 1-3 år

Åsa Solbjør- -Pedagogisk leiar  
Tone Næsje Sætre- Pedagog  
Nina Dyrdal- Fagarbeider  
Ane Bergem- Assistent

Tlf. 970 02 748

### Gul Avdeling:

10 barn i alderen 1-3 år

Laila Tvedt Pedagogisk leiar  
Britt Breisnes- Fagarbeidar  
Mette Josvanger- Assistent.

Tlf. 970 55 528

### Raud Avdeling

22 barn i alderen 3-6 år

Johanne L. Hauglund- Pedagogisk leiar  
Sølvi Vindedal - Pedagog  
Jarle Hamre- Fagarbeidar  
Thea Aarøy - Assistent

Tlf. 959 62 967

### Grøn Avdeling

18 barn i alderen 3-6 år

Eline Øyre hagen Pedagogisk leiar  
Katja Gesch – Fagarbeidar  
Fedor Duhrmann- Fagarbeidar

Tlf. 959 90 613

Anne Mari Hole Sande- Pedagogisk konsulent, LU kontakt og rekomp kontakt.

Gunnhild Holen- styrar 916 34573 Tlf til barnehagen: 57672053  
E-post: [post@stedjebarnehage.no](mailto:post@stedjebarnehage.no)

# Verdigrunnlaget for barnehagen

## Barnehagen sitt formål:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskarkrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og ta på alvor barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (frå § 1 i Barnehagelova)*

Stedje barnehage sitt mandat og oppdrag er forankra i barnehagelova § 1 og Rammeplan for barnehagen under fagområde Etikk, religion og filosofi. *Barnehagelova §1a gir og private barnehagar og barnehagar som er eigde eller drivne av trussamfunn i Den norske kyrkja, høve til å fastsetje særlege føresegner om livssynsformål som eit supplement til formålsføresegna. Føresegnet om særleg formål skal fastsetjast i barnehagevedtekten. For barnehagar som fastset særlege føresegner om livssynsformål, skal det gå fram av vedtekten kva dette inneber. (Rammeplan 2017,s.12)*

## Stedje barnehage er særleg forplikta på:

- Å legge til rette for opplevelingar som gir barna eit mangfaldig landskap å bevege seg i knytt til kristendom, religion og filosofi. Dette skal vere forankra i respekt for mangfaldet og dialog med barna og foreldre.
- Å vektleggje individet sin fridom og det unike i kvar einskilt, samstundes som barnehagen skal arbeide målretta med at alle har eitt ansvar for fellesskapen og kvarandre.
- Å vektleggje markering av dei kristne høgtidene og innhaldet i den kristne kulturarven. Dette kjem til uttrykk gjennom formidling av forteljingar og songar. Barnehagen skal og vektleggje tydelege kulturmøte mellom anna ved å synleggjere andre religionar sine høgtider.
- Å legge til rette for samtale og undring knytt til kristendom, religion og filosofi. Dette vil kome til uttrykk i kvardagslivet både i formelle og uformelle læringssituasjonar.
- Viser til samarbeidsavtale mellom Stedje barnehage og den norske kyrkja, Stedje Sokn.

# Nytt for barnehageåret 24-25

## PROSJEKTMIDLAR:

Stedje barnehage har søkt og blitt tildelt både å vere lærarutdanningsbarnehage i perioden 2024- 2028, og fått re-komp midlar for perioden 2024- 2026.

### Stedje som lærarutdanningsbarnehage:

Lærarutdanningsbarnehage (LU Bhg.) er eitt samarbeid med Høgskulen der me skal vere likeverdige parter. Samarbeidet innebere å kunne prøve ut og utvikle nye former for samarbeid mellom studentar, praksislærar, profesjonsveiledar, faglærar og praksisadministrasjon på høgskulen. Me vil få ein 20% stilling som LU kontakt i vår barnehage som skal samarbeide med ein kontakt frå Høgskulen. Med dette samarbeidet er hovudmålet å utvikle eitt tett og likeverdig samarbeid om lærarutdanninga og barnehagen.

### Nokre av delmåla er at me skal

- Bidra til å auke kapasiteten og kvaliteten i praksisopplæringa
- Styrke relevans i forsking og utviklingsarbeid
- Bidra til kompetanseutvikling og kvalitetsutvikling i barnehagen og på HVL
- Bidra til å styrke lærarutdanninga gjennom auka integrasjon mellom profesjonsfag og praksis i utdanninga
- Utvikla og prøve ut nye former for samarbeid mellom barnehage og lærarutdanninga

### Re-komp

Regional ordning for barnehagebasert kompetanseutvikling er ein nasjonal kompetansesatsing for barnehagesektoren som skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis, i tett samarbeid med universitet og høgskule. Dette blir finansiert av Utdanningsdirektoratet og me har ca. ein 10 % stilling til dette arbeidet i vår barnehage.

### Målet vårt er å

- Styrke barnehagen som lærande organisasjon
- Styrke samarbeidet og kontakten mellom barnehage , universitet og høgskule

## Hjartesamling

Livsmeistring- robuste barn og unge er eitt samarbeidsprosjekt for Luster og Sogndal kommune. Det er ein del av [Helsedirektoratet sitt program for folkehelsearbeid i kommunane](#) der hovudmålet er å fremje befolkninga si psykiske helse og livskvalitet, og eitt godt rusførebyggande arbeid med barn og unge som prioritert målgruppe. Prosjektet er no inne i ein fase der skulane og barnehagane prøver ut konkrete tiltak. Me i Stedje har lagt hjartesamlingar inn som tema i årshjulet også må me tilpasse det etter alder.

Her kan de lese meir om prosjektet.

[Robuste barn \(meistrelivet.no\)](#)

## Bærekraft

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjänner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydelegge framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal legge grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Me ynskjer å ha fokus på dette gjennom heile året.

## Nye barnehageprisar

Frå 1. august 2024 reduseres maksprisen til 2 000 kroner per månad. Maksprisen gjelder alle typer barnehager, uavhengig om de er offentlige eller private. Grensen blir fastsatt av Stortinget. Kostpeng (matpenger) kjem i tillegg

## **Livsmestring Robuste barn og unge.**

Dette er eitt samarbeidsprosjekt mellom Luster og Sogndal kommune. Prosjektet starta opp i 2021 og skal vare til 2024.

Her kan de lese meir om prosjeket:

### **Forebygging - Handling**

Her ein kort video som presentera prosjektet:

<https://vimeo.com/585893863>

## **BTI (Betre tverrfleg innsats)**

Me jobbar vidare med BTI rettleiarene som me fekk ei innføring i hausten 2020.

BTI er eitt handlingsrettleiar som gir fagfolk eitt konkret verktøy for håndtering av situasjonar der ein kjenner uro for barn og unge.

<https://sogndal.betreinnsats.no/>



## **Endring i barnehagelova**

Barnehagen har fått nytt regelverk for barnehagemiljø. Det nye kapittelet skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Me vil jobbe vidare med dette tema.

[Les mer om nytt regelverk for barnehagemiljø her.](#)

## **Ressursteam**

Barnehagen skal og ha sitt eige innsatsteam i forhold til evt. mobbesaker. Her skal me saman med andre barnehagar og skular få eitt kunnskapssløft i høve tema. Målet er at barnehagane får opplæring og kompetanseheving for å etablera og kvalifisera eitt eige innsatsteam. Opplæringa av innsatsteamet inneholder forskingsbasert kunnskap, praktisk trening og rettleiing om korleis ein kan organisera innsatsteamet best mogleg. Deltakarane i ressursteamet skal ha kompetanse til å kunne førebygge, forstå, avdekke og løye mobbesaker eller andre tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt. Som ein del av ressurstemaet vil barnehagen få kunnskap om kapittel VIII i barnehagelova, kva som kjenneteiknar mobbing og krenking, risikofaktorar for mobbeåtferd, psykososiale mekanismar og krenking frå tilsette.

Opplæringa består av desse sju kjernekomponentane.

1. Mobbing og andre krenkelsar i barnehagen
2. Barnehagelovas kap. VIII i praksis
3. Styrars rolle
4. Trygt og godt barnehagemiljø
5. Tilsette som krenker – førebygging og handtering (komplekse mobbesaker)
6. Handtering av saker der barn ikkje har det trygt og godt
7. Førebygging av trygt og godt barnehagemiljø og oppfølging etter mobbing

# Utviklingsplan 2024-2025

For 2024- 2025 har me laga oss ein utviklingsplan med ei kommunal og ei lokal satsing.

## KOMMUNAL SATSING

[\*\*Satsingsområde: Førebyggjande plan\*\*](#)

[\*\*Utviklingsområde i barnehagen: Inkluderande og godt barnehagemiljø\*\*](#)

MÅL: Tryggleik, tillit og inkludering i barnegruppa og på tvers av avdelingar

## LOKAL SATSING

[\*\*Satsingsområde: Vaksenrollen\*\*](#)

[\*\*Utviklingsområde i barnehagen: Rettleiing og kommunikasjon\*\*](#)

MÅL: Dei tilsette er gode rettleiarar for nyutdanna, studentar, lærlingar, vikarar og foreldre

[Sjå heile utviklingsplan her:](#)



[utviklingsplan 24-25.pdf](#)

# Barns medverknad

## Rammeplan seier dette om Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Jf. Barnehagelova §1 og 3. grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art 12 nr 1.

Alle barn skal kunne erfare og få påverke det som skjer i barnehagen.

Barnehagen skal legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.

Me i Stedje barnehage ynskjer å arbeide for at barna skal få innverknad på sitt eige liv og kjenne seg meiningsfulle. Me vil at barna skal oppleve at meinингane og handlingane deira er viktige. Ei kjensle av medverknad vil auke sjølvkjensla deira. Ved at me vaksne tilstrebar ein anerkjennande veremåte og samstundes tillèt barna å få ha reell innflytelse på kvardagen sin, gjer me barna meir sjølvstendige og ansvarsbevisste. Me ynskjer å sjå ting med barna sine auge og ikkje våre eigne. Kva prøver barnet å fortelje meg? Det kan vere gjennom handlingar, interesser, kroppsspråk, mimikk og verbalt språk.

Me meina at metodane me møter aktivitetar og tema på, styrker barnas høve til medverknad. «*Me nærmar oss ulike tema gjennom ein forskande og deltagande tankegang*». Det vil seie at me stiller spørsmål: Kva veit eg? Kva vil eg vite? Korleis kan eg finna det ut?

Ulike aktivitetar og tema vil gi rom og utfordringar i høve barns medverknad. Språkstimulerande aktivitetar med klare læringsmål gir mindre rom enn til dømes bruk av utedmiljø: «*la borna få prøve på nye utfordringar i eige tempo*».

Uansett rammer er det møtet mellom den vaksne og barnet som er det vesentlege. Sjølv med tydelege læringsmål kan du møte barnet på ein anerkjennande og respektfull måte, til dømes ved å vere open for den måten barnet vel å løyse ei oppgåve på.

Når det gjeld dei yngste barna formidlar dei synspunkt gjennom kroppshaldningar, mimikk og andre kjenslemessige uttrykk. Dei må oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for sine tankar og meininger, og møte anerkjening og respekt for sine uttrykk. I leiken kan barnet få støttande blikk og ord i val av aktivitet, ved matbordet kan dei sjølve velje pålegg og i samling kan dei nokre gongar få velje kva songar dei vil syngje.

«*Barns rett til medverknad krev kompetente vaksne som har gode og oppdaterte kunnskapar om og respekt for barn*» (Ot. Prp. Nr. 72/temahefte om barns medverknad). Det er viktig at personalet heile tida vurdera kva vekt me legg på barns medverknad. Personal- og avdelingsmøta gir rom for å diskutera og reflektera over eigne haldningar og kva praksis som til ei kvar tid er rådande i vår barnehage.

# Danning gjennom omsorg, leik, og læring



Rammeplan seier at barnehagen skal ivareta både omsorg, leik og læring.

Omgrepa omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk heng tett saman i alt arbeid i barnehagen. Omgrepa vil gå om kvarandre og i kvarandre for å bidra til den allsidige utviklinga til barna. Dette er det unike ved barnehagen og me må i alt me gjer ha alle fokus med oss.

Omsorg i barnehagen handlar om relasjoner og tryggleik. I Stedje barnehage skal nærliek, vilje til å lytte, og innleving prege samspelet mellom barn og voksen. Personalet skal gje barna rom for å være seg sjølv, og hjelpe barna til å fylge reglar, normer og sosiale krav.

Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein svært sentral del av dagen i Stedje barnehage. Leik er frivillig og styrt av barnet sjølv, og den er grunnleggande for barn si læring og utvikling. Gjennom leiken lærer og utviklar barna seg intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt. Dette skjer i alle situasjonar. Me i personalgruppa må også utnytte her og no situasjonane, det som blir kalla uformelle læringssituasjonar

Danning skal vere ein prosess der barnet blir i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda, forstå felles verdiar og normer og til å sjå seg sjølve som ein verdifull medlem i eit større fellesskap.

Me skal gi borna stimulerande miljø som støtta opp om lysten til å leike, utforske, lære og meistre. For at me skal legge til rette for ulike læreprosessar må me anerkjenna og stimulera nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane sine i læreprosessane sine. Barna skal få bidra i sin eigen læring men og i andre sin.

# Fagområda i barnehagen

Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og dei skal vere gjennomgåande i alt innhald i barnehagen. Fagområda blir fletta inn i leiken og barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheitar innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. I arbeidet med fagområda brukar me ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk. Fagområda i barnehagen er likt med dei faga barna seinare møter i skulen.



Natur, Miljø og teknologi



Etikk, religion og filosofi



Kommunikasjon, språk og tekst



Mengd, Rom og Form



Nær miljø og samfunn



Kropp, rørsle, mat og helse



## Øvd på sosial kompetanse



# Mangfald som ressurs

Målet med å inkludere er ikkje at me skal bli mest mogleg lik kvarandre; variasjon og mangfald er ein styrke. Målet er at ulikskapar skal styrke barna sin toleranse og respekt ovanfor seg sjølv og kvarandre. I det ligg det eit ansvar ovanfor personalet i å styrke det enkelte barns eigenskapar, funksjonsnivå og bakgrunn. Alle barn har rett til å bli møtt slik som dei er. Samstundes kan me gjennom eigen veremåte hjelpe barna til å bli positivt nysgjerrig på likskapar og ulikskapar ved andre menneske og kulturar. Målet for arbeidet vårt er oppsummert i formålet i Årsplanen vår:

*Me vil i det pedagogiske arbeidet både ha fokus på individet sin fridom og det unike i kvar einskild, samstundes som me vil arbeide målretta med at alle har eit ansvar for fellesskapet og kvarandre.*

Me ynskjer å ha eit personale som ser på språkleg, kulturelt og religiøst mangfald, aldersskilnader, ulike kjønn og funksjonsnivå blant barn og personale med respekt og toleranse.

Barnehagen skal synleggjere mangfald i den ordinære verksemda.

Dei tilsette skal ivareta barn sin rett til å vera ulike og på same tid gi dei ei kjensle av å vere viktige for fellesskapen.

I Stedje barnehage skal det vera rom for alle – og me brukar ikkje **me** og **dei** som kunstige barrierar mellom barn, foreldre og personale med majoritets- og minoritetsbakgrunn. Barn, foreldre og personale med majoritets- og minoritetsbakgrunn er ein del av det fleirkulturelle fellesskapet i barnehagen.

## Tiltak

- Gi barna kunnskap om ulike kulturar og levesett – i det daglege og i temaarbeid.
- Jobbe med sosial kompetanse og verdiar som respekt, empati, toleranse og omsorg.
- Bevisstgjere personalet på eigne haldningar og veremåtar. Reflektere over ord som til dømes likeverd, toleranse, respekt.
- Samarbeid med foreldre – gjere foreldre kjende med rutinar me har for arbeid med sosial kompetanse og for å sikre kvalitet i samspel.
- Jobbe med likskap og ulikskap på ein slik måte at det kan gi grunnlag for forståing og innsikt.

## Mangfald er oss!



# Dei yngste i barnehagen:

- I Stedje barnehage er me opptekne av at barna skal ha det trygt og godt. Tryggleik må ligge til grunn for at læring og utvikling skal skje. Me har færre fastlagte aktivitetar, men me ynskjer å vere på golvet for å ta del i barna sine initiativ. For dei minste barna er dette ein av metodane for å medverke i eigen kvardag. Dei vaksne skal støtte barna i leiken slik at dei føler meistring i samspel med andre barn. Grunnlaget for godt vennskap blir lagt allereie her.
- Me legg og vekt på eitt godt samspel med heimen gjennom dialog då dette er viktig for å få barna trygge. Utetida er viktig for oss og me prøver å vere ute kvar dag i all slags vær. Uteleiken er ein arena der barna får teke i bruk fantasien på ein anna måte enn innandørs. I tillegg er det lettare for barna å finne tilpassa aktivitetar når me går tur i nærmiljøet eller i skogen. Dei vaksne prøver å undre seg over det dei ser når me er i samspel med barna. Me set ord på det me ser og opplever.
- Song og humor har me og mykje av. Me syng til alle anledningars og ser at barna set pris på dette. Me brukar songar både med og utan bevegelse og slik kan og dei aller minste vise oss kva dei ynskjer å synge. Pedagogikken ligg til grunn i det me gjer saman med barna i kvardagen. Både i rutinesituasjonar og i leik skal det vere på barna sine premissar og med det enkelte barn sine behov i fokus. Me brukar fagområda aktiv ved å følgje årstider og andre sentrale hendingar og tradisjonar gjennom året.



# Dei eldste i barnehagen



Dei eldste barna hjå oss blir kalla Revane. Vi ynskjer at dei eldste barna i barnehagen skal møtast gjennom utviklende og utfordrande aktivitetar, og at Revane skal møte kvarandre i trygge rammer der dei utviklar fellesskap og venskap. Det er eit mål at barnehagen i samarbeid med heimen og skulen, gjer overgangen frå barnehage til SFO og skule, så god og trygg som mogleg. Difor legg vi til rette for aktivitetar som skal gi barna eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen (RP 2017. s. 33).

Me legg vekt på å skape samhold og venskap i Revegruppa. Me har også felles klatring i hallen gjennom heile hausten. I vinterhalvåret har me ulike vinteraktivitetar i lag. Me går på ulike turar saman, med ein avsluttande "topptur" i juni. Me har også fleire uformelle besøk til skuleområdet. Kvar avdeling får si besøksklasse utpå våren med 2-3 planlagde besøk. I juni blir alle Revane invitert til førskuledag på skulen der dei får møte nye klassekameratar og lærar for fyrste gong.

Revane har si eiga bok som heiter *Trampoline*. Når Revane er i *Reveklubben*, øver me på aktivitetar knytt til språk og kommunikasjon, tal, rom og form, fin- og grovmotoriske aktivitetar, sjølvstendigheit, konsentrasjon og å vere ein god ven.

Me har fokus på:



# Arbeid på tvers av avdelingar

Når ein arbeidar på tvers av avdelingane deler ein ofte barna etter alder. Dei ulike aldersgruppene har faste namn:

Revane	Barn født i 2019
Harar	Barn født i 2020
Ekorn	Barn født i 2021
Pinnsvin	Barn født i 2022
Marihøne	Barn født i 2023

Målet er at barn skal bli kjente med barn og voksne i heile barnehagen og spesielt godt med barn på eigen alder.

Me samabeidar ofte på tvers av avdelingane.

## Progresjon

Arbeidet med temabasert innhald er bygd opp rundt ein tanke om progresjon.

Ein brukar ulike metodar og materiell til ulike aldersgrupper.

### 1-3 år

I temaarbeid vert bruk av kropp, rørsle, og sansing sentralt. Opplevingar og undring vert det viktige i arbeidet med tradisjonane. 1-3 åringane skal verta kjende med det nære nærmiljøet til barnehagen.

### 3-4 år

3-4 åringen arbeider meir med tradisjonane og temaarbeid i samlingar, samtalar og gjennom estetiske fag. 3-4åringen reiser meir på tur og gjer seg kjent i eit større område i nærmiljøet.

### 4-6 år.

4-6 åringen bearbeidar og fordjupar seg meir i tema. Dei er mykje på tur og skal på ein forskande og deltagande måte få innsikt i korleis samfunnet fungerer.

# Overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, når dei bytter avdeling eller dei startar på skulen.  
Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

Oppstart i barnehagen	Overgangar i barnehagen	Overgang barnehage- skule
<p>Me vil sørge for god tid slik at barnet, foreldra og personalet blir godt kjent. Me har faste vaksne på avdelinga slik at det ikkje skal vere så mange å forholda seg til.</p> <p>Nye foreldre får velkomstbrev med litt info kring barnehage, avdeling og oppstart.</p> <p>Nye foreldre og barn blir invitert på besøksdagar før oppstart.</p> <p>Når de har starta i barnehagen får de oppstartssamtale i løpet av dei første vekene.</p>	<p>Me samarbeida på tvers av avdelingar heile året. På våren når me har bestemt kva avdeling barna skal gå på til hausten legg me opp til besøksdagar og prøver å førebu barna så godt me kan på overflyttinga. Me prøver å flytte barna over på ny avdeling etter sommerbarnehagen ( Vekene 28,29 og 30 ) slik at dei starta på ny avdeling etter sommarferien.</p> <p>Me overfører informasjon kring barnet mellom avdelingane i forkant av oppstart på ny avdeling.</p> <p>For dei barna som skiftar avdeling vil det bli foreldresamtale i løpet av hausten med ny pedagogisk leiar.</p>	<p>Barnehagen samarbeida med foreldre og skulen for å legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Barnehagen og skulen utvekslar kunnskap og informasjon. Barna skal bli kjent med skulekvardagen. På våren er dei eldste på skulebesøk.</p> <p>Sogndal kommune har eigen plan for overgang barnehage- skule.</p> <p><a href="http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/1790051.1687.uyedbbeptq/Plan+for+overgang+barnehage+skule.pdf">http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/1790051.1687.uyedbbeptq/Plan+for+overgang+barnehage+skule.pdf</a></p>

# Samarbeid

## Foreldresamarbeid

Godt samarbeid og openheit mellom heim og barnehage gjer at barna blir tryggare. Foreldre må kunne sei ifrå om ting dei ikkje er fornøgde med og me vil og ha tilbakemelding på det de er fornøgde med. Foreldre må gi informasjon om heimemiljøet til barna og barnehagen skal gi tilbakemelding på dei daglege aktivitetane. Me ynskjer at barnehagen skal vere ein arena der foreldre blir kjent med kvarandre. Me har fleire uformelle arena der foreldra møtes som t d. foreldrekaffi, lysfrukost, hausttakkefest, skidag og meir formelle situasjonar som foreldremøte, foreldresamtalar, foreldreråd og samarbeidsutval.

Det daglege samarbeidet i bringe/ hentesituasjon er viktig for begge partar og er avgjerande for om Stedje barnehage skal bli ein god plass for barna.

## Foreldreutvalget( FAU)

Barnehagen vel 2 repr frå kvar avdeling som sit i FAU. Dei skal fremje fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eitt godt barnehagemiljø.

FAU har ansvar for Hausttakkefesten, skidag og sommarfesten i barnehagen.

## Samarbeidsutvalet(SU):

FAU vel 2 representantar som sit i SU. SU består av like mange foredrerepresentantar som personalet+ styrar. Dei skal vere eitt rådgivande og kontaktskapande organ. Det er SU som godkjenner årsplan.

## Samarbeid utanfor barnehagen:

Samarbeid med dei andre barnehagane i kommunen

Sogndal kommune sine tenester som barnevern og helsestasjon

Pedagogisk psykologisk rådgivarkontor

Bedriftshelsetjeneste1

Arbeidslivssenteret

Nav

Flyktningmottaket

Trudvang skule

Kvåle skule

Sogndal vidaregåande skule

Høgskulen på vestlandet

Campus

Ulike arbeidsplassar



# Planlegging, dokumentasjon og vurdering

## Rammeplan seier dette:

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverka i desse prosessane. Me skal gi barna eitt tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging skal bidra til kontinuitet og prosesjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegging skal vere utgangspunktet for refleksjon og utvikling av barnehagen. Planlegging skal vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

For å trekke barna med i evalueringa så brukar me samlingane. Her er barna med å planlegge samlingar, aktivitetar og finne fram til ulike forskingsprosjekt. Etter prosjektarbeid er barna med å evaluera det me har jobba med. I forhold til småbarnsavdelingane må me vera observante på signal og ytringar gjennom andletsuttrykk og kjensleuttrykk. Kjensleuttrykk i kropp og rørsle heng ofte i lag med lydar og einskiltord. Dei minste visar på denne måten kva dei likar/mislikar og desse signala må me ta med vidare i vårt arbeid med å alltid vera på veg.

For å dokumentera arbeidet vårt brukar me bilete og tekst på veggar og heimesida. Det er viktig at føresette gir oss tilbakemelding og er med å evaluera arbeidet i barnehagen. Føresette kan ta opp ting direkte med pedagogisk leiar eller styrar. Det er og høve for å ta evaluering med medlemmane i samarbeidsutvalet.

Kva evaluera me:	Korleis gjer me det:	Evalueringsforum
Enkeltbarn sin trivsel, utvikling og behov	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Observasjon av barnet i kvardagen</li> <li>• Lese barnets verbale og nonverbale uttrykk.</li> <li>• Dagleg kommunikasjon med foreldre</li> <li>• Foreldresamtalar</li> <li>• Eventuelle eksterne fagpersonar.</li> <li>• Rettleiing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdelingsmøte</li> <li>• Leiarmøte</li> <li>• Foreldresamtalar.</li> </ul> <p>Ev andre møter</p> <p>Me brukar observasjonsskjema alle med, MIO og Tras ved behov og etter avtale med foreldra.</p>
Avdelingane sine planar og målsetjingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnets verbale og nonverbale uttrykk.</li> <li>• Dagleg kommunikasjon med foreldre</li> <li>• Foreldresamtalar</li> <li>• Foreldremøte</li> <li>• Observasjonar</li> <li>• Eventuelle eksterne fagpersonar</li> <li>• Medarbeidarsamtalar/ Utviklingssamtalar</li> <li>• Rettleiing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdelingsmøte</li> <li>• Leiarmøte</li> <li>• personalmøte</li> <li>• Foreldresamtalar.</li> <li>• Foreldremøte</li> <li>• Ev andre møter</li> </ul>
Heilheits vurdering av barnehagen si måloppnåing i organisasjon.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Observasjon</li> <li>• Barnets verbale og nonverbale uttrykk.</li> <li>• Foreldremøte.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalmøte</li> <li>• Leiarmøte</li> <li>• Planleggingsdagar</li> <li>• Foreldremøte</li> </ul>
Evaluering av barnehagen sin utviklingsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eventuelle eksterne fagpersonar</li> <li>• Brukarundersøking</li> <li>• Medarbeidarsamtalar.</li> <li>• Rettleiing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• FAU møte</li> <li>• SU møter</li> </ul>

MÅNAD	AKTIVITET	DATO
August	Tilvenning	Planleggingsdagar 13.- 14. 8 (Bhg stengt)
September	Foreldremøte	11. 9(Stedjetunet)
	Foreldresamtalar med nye.	Tilpassa kvar avdeling.
	Oppstart klatring for revane	v. 36
	Brannvernveke	Veke. 37 og 38
	Førebuing til hausttakkefesten	Veke. 39
	Hausttakkefest	29.9 (19,20 og 21 kullet syng i kyrkja)
Oktober	Foreldredugnad	1.10 ( Skogen)
	Haustferiveke v. 41	Gi beskjed viss de skal ha fri i forbindelse med haustferien
	Studentperiode	v. 42-45
November	Planleggingsdag	1.11. (Barnehagen stengt)
	Julefrilappar kjem ut	Gi beskjed dersom de skal ha fri i forbindelse med jul
	Lysfrukost	Me inviterer til frukost for foreldre og søskjen 29.11 mellom kl 7.30- 9
Desember	Nisseleit Lucia	5.12 13.12
	Barnehagen stengt	24,25,26 og 31. 12 + 1.1.25

Januar	Planleggingsdag Studentperiode (2BLU)	2. 1( Bhg. stengt) Veke 3-9
Februar	Samefolkets dag/Solfest Foreldresamtalar alle avd (Ikkje revane) Ekorn hentar egg til rugemaskina	6.2 Tilpassa kvar avdeling. Vinterferieveka v.8 v.7/8
Mars	Barnehagedagen	11.3
April	Påske Sommarferielappane skal inn.	Veke 16 Bhg stenger kl. 12 onsdag 16.4 Gi beskjed dersom de skal ha fri i forbindelse med påske
Mai	Planleggingsdag Foreldresamtalar revane Foreldredugnad	2. Mai (Bhg stengt) Tilpassa kvar avdeling. 6. Mai kl 17- 19
Juni	Revane avslutningstur Sommarfest	5. Juni kl 16- 18

Meld gjerne fra før kl 8.45 dersom barnet ditt tek fri/er sjuk.

Vær snill å hald fristen for innlevering av ferielappar og anna.

**BARNEHAGEN  
STENGT I VEKE  
29 og 30**